

Budsjett 2025

Økonomiplan 2025-28



Satsing på vidaregåande skule, Fagskulen Vestland, psykisk helse, fylkesveg og kollektiv



Fremskrittspartiet

1. Premissar

Fremskrittspartiet legg med dette fram alternativt Budsjett 2025 / Økonomiplan 2025-28 for Vestland fylkeskommune. Budsjettframlegget tek utgangspunkt framlegg frå fylkesdirektøren i Arbeidsdokument 4. Der FrP har endringsframlegg vert dette kommentert nærare under.

2. Overordna perspektiv

Prisstigning, auka rentenivå og auka kostnader knytt til nullutsleppsteknologi i kollektivsektoren utfordra no økonomien til Vestland fylkeskommune. Kostnadsveksten er særleg sterk innan kollektiv sektoren, og over tid legg fylkesdirektøren opp til omfattande tiltak som skal betra budsjettbalansen på denne sektoren med ca 130 mill kr. Dette gjeld både kutt i rutetilbod, ekstraordinær prisstigning og endra sone struktur.

Så lenge fleirtalet i fylkestinget ikkje opnar for reklamefinansiering i kollektivsektoren vil ikkje FrP akseptera prisvekst på kollektiv utover ordinær konsumprisindeks.

FrP legg med dette fram ei *alternativ* saldering av utfordringane. I fylkesdirektøren sitt framlegg til budsjett overfører ein 600 mill kr frå driftsbudsjettet til investeringsbudsjettet i 2025, og tilsvarande beløp for kvart av åra 2025-27. I realiteten går drifta til Vestland fylkeskommune altså med eit overskot på 600 mill kr pr. år i tillegg til budsjettert netto driftsresultat på knappe 300 mill kr pr år.

FrP vel difor å redusera overføringa frå drift til investering med 118 mill kr i 2025, aukande til 286 mill kr i 2028. Slik kan vi trygga og styrka tenestetilbodet til innbyggjarane i Vestland.

FrPs legg opp til noko auke i rammene til vidaregåande skule, fagskulen, kollektivtilbod og fylkesvegvedlikehald. Vi legg også opp til å auka rammene til investering på fylkesvegnettet, samt byggetrinn 2 på Stord vgs.

3. Driftsbudsjett

FrP sine omprioriteringar i driftsbudsjettet i høve budsjettframlegget frå fylkesdirektøren kjem fram av tabell 1. Nokre tiltak med fokus på budsjettåret 2025 er kommentert nærare under tabellen. Konsekvensar av tiltaka for økonomiplanperioden er vist i tabellen.

Område	2025	2026	2027	2028
Fellesprosjekt				
Reduserte reise- og møtekostnader	- 5 000	- 5 000	- 5 000	- 5 000
Reduksjon administrasjon	- 5 000	- 15 000	- 25 000	- 35 000
Opplæring og kompetanse				
Økt ramme videregående opplæring - yrkesfag	20 000	20 000	20 000	20 000
Fagskolen Vestlandet - reversere kutt og satse	9 000	18 000	20 000	20 000
Tiltakspakke psykisk helse / selvmordforebygging	5 000	5 000	5 000	5 000

Utstyr yrkesfag (evt. overført investeringsbudsjett)	10 000	10 000	10 000	10 000
Mobilitet og kollektiv				
Reklame i kollektivsektoren	- 50 000	- 75 000	- 75 000	-75 000
Reversere endring kollektiv	50 000	50 000	130 000	130 000
Satsing på kollektiv - nye ruter primært i distrikta	20 000	20 000	20 000	20 000
Ferge Krokeide - Hufthamar - styrka tilbodet	10 000	10 000	10 000	10 000
Infrastruktur og veg				
Økt reasfaltering fylkesvei / fylkesveivedlikehold	50 000	50 000	50 000	50 000
Kultur og folkehelse				
Tilskudd Sentralbadet scenekunsthuss	- 5 000	- 5 000	- 5 000	-5 000
Søkbar pott til barne og ungdomsaktiviter - pga "dyrtid"	5 000	5 000	5 000	5 000
Økt driftstilskudd Vestkystparken og friluftsrådene	3 000	3 000	3 000	3 000
Kutt administrasjon på kulturfeltet	- 5 000	- 10 000	- 10 000	-10 000
Avikle distrikts- og fylkesmusikkarrordninga	- 4 000	- 8 000	- 8 000	-8 000
Generelt				
Redusert overføring fra drift til investering	- 118 000	- 103 500	- 216 100	-286 300
Økt rente- og avdragskostnad pga økt låneopptak		9 000	18 000	36 000
Rente- og avdragseffekt pga økt investeringsramme	-	1 500	23 100	75 300
Sum endring	-	-	-	-

Tabell 1 – Endringar i driftsbudsjettet (mill kr)

FrP legg inn *to fellesprosjekt* for å redusera administrative kostnader. Slik kan vi trygga tenestetilbodet ut til innbyggjarane i Vestland.

Administrative kostnader pr innbyggjar varierer mellom fylkeskommunane. KOSTRA-tal frå 2023 syner t.d.;

Fylkeskommune	Kostnader til administrasjon pr innbyggjar
Vestland	720,-
Rogaland	474,-
Møre og Romsdal	716,-
Trøndelag	559,-

Hadde Vestland vært på nivået til Rogaland ville det gitt svært store innsparingar. FrP legg inn ei forsiktig innsparing på 5 mill kr i 2025, aukande til 35 mill i kr 2028. FrP meiner og at det er potensiale i å redusera fylkeskommunen sitt arbeid med eigne planar, samt høyringar til kommunane sine areal- og områdeplanar. Vi ber difor om at deler av kuttet også vert tatt på Seksjon for plan, klima og statistikk.

Potensialet knytt til å redusera reise- og møteaktivitet er lagt inn med 5 mill kr pr år (sjå også verbalframlegg).

På **Opplæring og kompetanse** legger FrP inn 20 mill kr pr år til å styrke tilbodet og redusere behov for pendling i samband med dei årlege klassesakene. Vidare legg vi inn ei stabil løyving på 25 mill kr pr år til Fagskulen Vestland. FrP prioriterer yrkesfagutdanning, og meiner det er viktig at vi no sikrar stabil og føreseieleg finansiering frå fylkeskommunen til Fagskulen Vestlandet. I tillegg set vi av 25 mill kr til kjøp utstyr til dei vidaregåande skulane, primært retta mot yrkesfag.

Vi set også av 5 mill kr til satsing på psykisk helse og sjølvmodsførebygging retta mot ungdommen vår. Midlane kan også nyttast i arbeidet med redusert fråfall i vidaregåande skule. I dette arbeidet ynskjer FrP at Vestland fylkeskommune skal samarbeida med private aktørar som Pit Stop, Dale Oen Experiance, ROS og liknande organisasjonar.

På **Mobilitet og kollektiv** fjernar FrP alle tiltaka knytt til kutt i rutetilbod og auke i billettprisar ut over ordinær prisstigning på 4% i 2025. Vi legg også inn midlar for resten av økonomiplanperioden slik at kollektivtilbodet kan vidareførast også de neste åra.

For FrP er det uaktuelt å svekkja tilbodet til dei reisande så lenge fleirtalet i fylkestinget ikkje har utnytta potensialet som ligg i delvis reklamefinansiert kollektivtransport. Med dette vert Turistruta i Hardanger vidareført, det vert ikkje 50% auke i billettprisar for pendlarane i frontkommunane til Bergen (ny oppdeling av Sone A), det vert ikkje ekstraordinær prisauke på periodekort eller kutt i studentrabatten på enkeltbillettar.

I tillegg legg FrP inn 20 mill kr i friske midlar kvart år i økonomiplanperioden for å styrka rutetilbodet, primært i distrikta. Vi legg også inn 10 mill kr pr år for å styrkja ferjetilbodet Krokeide-Hufthamar.

Deler av tiltaka er finansiert gjennom å opna opp for reklame i kollektivsektoren, sjå eige verbalforslag.

FrP meiner generelt at Vestland fylkeskommune må dempa klimakrava i framtidige anbudsrundar på buss, ferje og hurtigbåt. Høge klimakrav gjev ekstra kostnader for fylkeskommune, noko som svekkjer det samla kollektivtilbodet i fylket. FrPs prioriterer frekvens, kortast mogeleg reisetid og lågast mogeleg billettprisar for dei reisande.

På **Infrastruktur og veg** aukar FrP budsjettet for reasfaltering av fylkesveg med 50 mill kr pr år for å ta att deler av etterslepet på fylkesvegvedlikehald.

På **Kultur, idrett og folkehelse** fjernar FrP tilskot til Sentralbadet scenekunsthus, og vi gjer framlegg om å avvikla ordninga med fylkesmusikarar og lønstilskot til distriktsmusikarar. FrP ynskjer gradvis å vri VLFK si kultursatsing over frå vaksne til barn og unge, og set av eit søkbar pott til organisasjonar med barne- og ungdomstilbod. Dette er spesielt viktig i den dyrtida vi opplever no. I tillegg styrkjar vi tilskota til Vestkysparken og friluftsråda som legg til rette for gratis friluftslivtilbod i fylket. Dette vert også ei markering av Friluftslivet år 2025.

FrP legg vidare inn ein reduksjon i administrative kostnader på kulturfeltet med 5 mill kr i 2025 (halvårsverknad), og 10 mill kr resten av åra.

3.1 Saldering

FrP salderer budsjettet gjennom redusert overføring frå drift til investering med 118 mill kr i 2025, aukande til 286 mill kr i 2028. Som følgje av dette aukar låneopptaka tilsvarande, og det er lagt inn auke i rente- og avdragskostnadane for å kompensera dette, sjå tabell 1.

Det er tilsvarande lagt inn auka rente- og avdragskostnader knytt til utvida investeringsramme på vidaregåande skule og fylkesveg i økonomiplanperioden 2025-28.

Finanskostnader knytt til lånefinansierte investeringar er i oppsettet sett til 9 mill kr i rente- og avdragskostnad pr 100 mill kr i låneopptak (ca 5% rente).

4 Investeringsbudsjett

FrP gjer framlegg om å auka investeringsramma til fylkesveg med 1,2 mrd kr i økonomiplanperioden 2025-28. Dette gjer rom for å realisera ei rekkje nye fylkesvegprosjekt. Sjø tabell 2 for detaljert oppstilling av vegprosjekta.

Vi legg også inn ein ny post på 10 mill kr pr år til opparbeiding av innfartsparkering i og rundt Bergen. Midlane kan også nyttast til samfinansiering med kommunane eller private.

Vi legg også inn investeringsmidlar til byggetrinn 2 ved Stord Vidaregåande skule. Det må arbeidast vidare med ein samla strategi for lokalisering av Fagskulen Vestland i Begen, samt styrkja yrkesfagtilbodet i Bergensregionen.

Investeringsprosjekt	2025	2026	2027	2028
Byggetrinn 2 Stord vgs		100 000	200 000	200 000
Innfartsparkering i og rundt Bergen	10 000	10 000	10 000	10 000
Fv. 5184 Grimstadvegen	-	8 400	62 400	104 000
Fv. 560 Hammarsland - Eide	5 000	5 200	60 000	140 000
Fv. 55 Høyhem - Nes	-	5 000	20 400	93 200
Fv. 57 Strandanes - Holmeli	5 000	15 200	55 400	59 500
Fv. 611 Sæle-Engbø	-	-	-	2 600
Fv. 570 Risnes bru (Masfjorden)	-	1 100	3 200	10 400
Fv. 571 Mollandseid - ny	1 600	5 200	26 000	26 000
Fv. 550 Eitheimstunnelen	5 800	85 500	63 400	50 000
Fv 5402 Ringheimsvegen g/s	-	2 400	48 500	43 300
Fv. 271 Sjukehusvegen	-	7 000	10 900	86 600
Fv. 49 Egne hjem	-	-	13 200	25 600
Fv. 5704 Brandsøyvegen	-	5 200	15 600	-
Fv. 615 Sandane - Fitje G/S	-	-	5 500	43 300
Sum	27 400	250 200	594 500	894 500

Tabell 2 – Endringar investeringsbudsjett (mill kr)

FrP vil prioritera både **Atløysambandet** og **Masfjordsambandet** som ferjeavløysingsprosjekt i perioden. Det er avgjerande at desse prosjekta vert prioritert no, slik at dei kjem til realisering snarast råd. I byggjeperioden legg FrP til grunn at rentekostnad vert finansiert gjennom lågare avdragsbetaling. Når prosjekta er realisert legg FrP til grunn at største delen av investeringane vert dekkja med brukarfinansiering og ferjeavløysingsmidlar. Endeleg finansieringsplan må ein komma attende til når prosjekta er klar for realisering.

Ferjeavløysingsprosjekt	2025	2026	2027	2028
Atløysambandet	26 000	400 000	400 000	400 000
Masfjordsambandet	20 000	335 000	335 000	335 000
Sum	46 000	735 000	735 000	735 000

Ny **FV Tokagjelet** må løftast inn som eit nasjonalt skredsikringsprosjekt, ref. også KVVU for arm E134 Odda – Bergen. For vidare arealplanlegging og samfunnsutvikling i Kvam kommune er det viktig at ein også får regulert tunnel bak Norheimsund. FrP vil prioritere fylkeskommunale planmidlar til dette arbeidet, og at fylkeskommunen tar del i kommunen sin reguleringsplanprosess.

5 Verbalforslag

Nedanfor følgjer verbalforslag som FrP ynskjer separat votering over under handsaminga av Budsjett 2025 / Økonomiplan 2025-28 i fylkestinget.

5.1 Delvis reklamefinansier kollektivtilbod

I den økonomiske situasjonen Vestland fylkeskommune er i må ein vurderer heile sitt inntektspotensiale, - også potensiale for inntekter frå reklame i buss-, bane-, båt- og ferjetilbodet. Tidlegare utgreiingar har vist at fylkeskommunen kan henta fleire titalsmillionar kroner i nye inntekter på eit slikt tiltak. Auka inntekter vil styrkja det samla kollektivtilbodet i fylket.

Framlegg til vedtak:

Fylkestinget ber fylkesrådmannen fremja ei politisk sak om inntektspotensialet knytt til reklame i kollektivsektoren.

5.2 Konkurransetsetting

Vestland fylkeskommune nyttar allereie konkurranse i store deler av tenesteproduksjonen, t.d. innan kollektivsektoren og vegvedlikehald. I den økonomiske situasjonen VLFK er i bør ein vurderer om konkurranseutsetting også kan nyttast i andre deler av tenesteproduksjonen.

Framlegg til vedtak:

Fylkestinget ber om at det innan 30.06.25 vert lagt fram prinsippsak med vurdering av kva tenester som kan eigna seg for konkurranseutsetting i økonomiplanperioden. Ein skal spesielt vurdere tenester der ein kan forventa lågare kostnader og/eller høgare kvalitet i tenesteproduksjonen, samt kor velfungerande marknaden er for dei aktuelle tenestene (tal potensielle leverandørar osv.).

5.3 Reduserte reise- og møtekostnader

Vestland fylkeskommune har ei omfattande reiseverksemd både administrativt og politisk. Samstundes er digitale møter blitt den nye normalen etter koronapandemien. Gjennom redusert reiseverksemd og digitalt førsteval knytt til møteaktivitet er det potensiale for å redusere kostnader.

Framlegg til vedtak:

Fylkestinget ber fylkesdirektøren om å setja i verk eit prosjekt med mål om reduserte kostnader knytt til reise- og møteaktivitet i Vestland fylkeskommune.

5.4 Sal av eigedom og egedelar

Vestland fylkeskommune sit på store eigedomsverdiar, samt aksjar ein del selskap der eigarskapet er finansielt. Eigedommar og egedelar som ikkje skal nyttast i den fylkeskommunale tenesteproduksjonen, eller er av strategisk karakter, bør ein vurdere å realisere. Salvinst kan nyttast til nedbetaling av gjeld eller eigenkapital i nye investeringsprosjekt.

Framlegg til vedtak:

Fylkestinget ber om ein gjennomgang av alle eigedommar og egedelar som ikkje er tenkt nytta i den fylkeskommunale tenesteproduksjonen.